



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÄLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 1 • MARS 2025
86. ÅRGANG



Reisebrev
frå Pattaya
Side 4

Ukrainsk
familielukke i
Strandebarm
Side 8

Møt
Olav Vikse
Side 10

Pilgrims-
vandring
Side 12

FRAMSIDA

Vetle Karlsen Eide, Dmytro Protasenko, Eva, Iryna Tishchenko,, Trude Bru og Anton Bru Riise



Foto: Inger Karin Tordal

Ynskjer du gravstell?



Ring kyrkjekontoret for prisar og info: tlf.

47 48 31 20.

Eller sjå heimesida kyrkja.no/kvam



KYRKJEBLAD

FOR KVAM

Utgevar:

Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Olav Skeie Lid, epost: OL485@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Inger Karin Tordal

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Miljømerket trykksak



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gaver
Vipps #584927

Annonsar:

Kontakt redaksjonen

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til ol485@kyrkja.no

LEIAR

Kvar ber det av?

Eit minne stig fram i mitt indre: eg var ung, 14 år, spelte på nyinnkjøpt bassgitar i Ungdomskoret, og me hadde sunge på eit møte. Veka etter kom det eit lesarinnlegg i Hordaland Folkeblad med overskrifta: Kvar ber det av? Forfattaren av det nemnde lesarinnlegget hadde vore tilstades på møtet der Ungdomskoret song, og bite seg merke i bassgitaren. Han gjorde eit relativt stort nummer av at gitaren hadde ledning, og avslutta altså innlegget slik: Kvar ber det av? Han kjende på seg at endetida var nær, det var bassgitaren eit sikkert teikn på.

Eg kan smila av det i dag, men spørsmålet til mannen er like fullt grunn til å henta fram att: Kvar ber det av? Ei heil verd er skaka av hengslene etter at Donald Trump inntok Det kvite hus. Løgn vert til sanning, empati og altruisme vert erstatta med egoisme og hat. Med Bibelen i hand og storparten av det kristne Amerika attom seg, vert verda dagleg utsett for hatske utspel, retta mot den som vågar å opponera. Og undringa er der: finst det ingen vaksne republikanarar i USA, som torer seia at nok er nok?

Mangt kan seiast, men kanskje er det dette som gjer størst inntrykk og mest vondt: at trumpismen hevdar at han kviler på dei kristne sanningane, og tek Bibelen til inntekt for sitt menneskesyn.

Olav Skeie Lid

Redaktør



Ingenting kunne vore fjernare. Ingenting er mindre sant. Aldri har det vore viktigare å stå saman mot denne trumpske tolkinga av Skrifta enn nett no. Løgn kan aldri verta sanning.

Kva er sanning? spurde Pontius Pilatus for 2000 år sidan. Spørsmålet er aldri uaktuelt. Me har levd i ei relativt uskuldig verd etter siste verdskrigen, der me har kjent på at me kunne vita kva som var sant og kva som var løgn. No er det annleis. Sanninga må kjempast for, kvar dag – også i vår del av verda.

Men lat oss likevel halda fast på sanninga! Den kan nok ha ulikt ansikt i ein del spørsmål, etter kva ståstad me har. Slikt toler me å diskutera i eit demokratisk samfunn. Men det som Trump forkynner, og som er blanke løgner, må me stå saman imot. Løgn kan aldri verta «alternativ sanning», Donald.

Og midt i mismotet og uroa stig ei von opp hjå meg: eit sameint Europa, eit barskt og uredd Canada, og mange, mange med oss, vågar å stå opp og seia: Me vil ha eit samfunn som er tufta på dei sanne verdiane i Bibelen og samfunnet vårt, ikkje Trump sine. Me vil ha sanning, ikkje løgn. Og hugs berre: Du kan lyga for alle ei lita stund. Du kan lyga for nokre få heile tida. Men du kan ikkje lyga for alle heile tida. Sanninga innhentar deg, Donald.



DEN NORSKE KYRKJA
Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,
Kyrkjevegen 40, 5600 Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

På nettsida vår finn du alltid oppdatert informasjon: www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:

976 995 082

Kyrkjevevja i Kvam:

Olav Skeie Lid, tlf 41400035,

epost: ol485@kyrkja.no

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide,
vk267@kyrkja.no, tlf. 400 35 356

Vikarprest i Øystese:

Roar Strømme,
rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Vikarprest i Ålvik:

Bright Sigve Skeie
brigt@tikann.no, tlf. 924 90 408

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Leiar: Kjell Dysvik
kjell.dysvik21@gmail.com

Rådsleiarar Strandebarm sokn:

Margunn Mikkelsen Tordal
mmtordal@gmail.com

Vikøy sokn:

Astrid Helleve Fylkesnes
a.h.fylkesnes@gmail.com

Øystese sokn:

Kjell Dysvik,
kjell.dysvik21@gmail.com

Ålvik sokn:

Ida Lindø
idalind@online.no



Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.



I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens budskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande syng «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng budskapet om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

**Døden må vike
for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt
i et jordekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn
skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys
skal vi dø.**

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

Reisebrev fra Jeanine og Jon i Pattaya

Det har gått mer enn et halvt år siden vi flyttet til Thailand for å arbeide på den norske Sjømannskirka i Pattaya. Det har vært full fart fra første dag, og vi har blitt kastet ut i all slags oppgaver, men vi angrer ikke.

Litt historie først: Den første sjømannskirken ble startet for mer enn 160 år siden, i en travel havneby i Skottland. Sjømennene, som kanskje brukte opp hyren på barer og bordeller, kunne komme til «kjerka» og få et pusterom, praktisk hjelp, vafler og et gudsord. Som et hjem ute! Etter det har Sjømannskirken etablert seg på alle kontinenter, nye har kommet til og noen lagt ned, i tråd med tidens behov. Vi har fått «sydenkirker» og storbykirker, offshore-prester, ambulerende tjenester, og egne prester og diakoner for utenlandsstudenter, for å nevne noe.

Sjømannskirken i Pattaya er nok den som ligner mest på de første kirkene som ble etablert. Vi er kirken med flest sosial- og beredskapsaker, og det er et stort fokus på diakonalt arbeid her. Tre dager i uken besøker vi nordmenn på sykehus, sykehjem eller de som har behov for at noen ser til dem hjemme. To ganger i måneden besøker

vi i nordmenn i fengsel. Vi leter opp f.eks. fedre som noen hjemme er bekymret for, sønner eller ektemenn som har havnet «utpå» i Pattaya, backpackere som trenger litt hjelp og støtte. Enker etter nordmenn kan trenge hjelp til papirarbeid i forhold til NAV, og vi samarbeider med et barnehjem i byen.

Det er nesten vanskelig å se for seg større kontraster enn mellom fredelige Vikøy og pulserende Pattaya. Byen vokste raskt fra 1960, da amerikanske soldater i Vietnam-krigen brukte byen til «rest and recreation». Siden har den blitt kjent, eller kanskje heller beryktet, for natteliv, sexindustri og billig sprit. Et slags moderne Sodoma og Gomorra.

Men Pattaya er mer enn en party-by, hit kommer også barnefamilier på ferie, her bor akademikere, forretningsfolk og pensjonerte ektepar som ikke bryr seg nevneverdig om «party-Pattaya». Mange av disse besøker Sjømannskirken, for som mange vet er den ikke bare en kirke, men også et sosialt møtested for nordmenn i utlandet.

For å ta det kirkelige først, så har vi godt besøkte gudstjenester hver søndag, nesten 90 personer tilstede nå sist. For tiden er sjømannspresten vår sykemeldt, men vi er godt hjul-

pet av sesongprester. Likevel blir det slik at Jeanine må ha lekmannsgudstjeneste førstkommande søndag, bare å kaste seg uti det altså!

På kirka har vi også ukentlig strikkekafe, vi arrangerer badetur til ulike strender i området, og hver fredag er det jungeltur. Kirka har åpent hver dag utenom mandager, og da kommer både faste gjester og turister innom. De får selvsagt vafler, og til lørdagsgrøten kan det komme over 200 gjester! AA (Anonyme Alkoholikere) bruker kirken til ukentlige møter. Den siste fredagen i måneden er det åpent AA-møte, og da pleier vi å være med, før vi feierer «Sinnsrogudstjeneste» sammen. Det har vært utrolig sterkt å høre fra AA-medlemmene om veien ut av misbruket.

Vi tar også jevnlig «bar-runder», der vi tar på oss Sjømannskirke-skjortene og går ut og treffer nordmenn på bar. Det er mange som ønsker å slå av en prat, og ikke rent sjelden dukker de opp på kirka til vafler senere. Tiden har flydd så langt. På fridager prøver vi å være litt turister, vi er tross alt i Thailand, med alt det eksotiske å oppdage! Jon har funnet en gjeng som han sykler med jevnlig. Jeanine har ikke funnet noe korps å spille i enda, men har likevel brukt kornetten og flygelhornet flittig på gudstjenester sammen med våre frivillige musikere. Vi er ofte med gode kollegaer, både blant den faste staben og sesongarbeidere. På Sjømannskirkevis har vi blitt riktig gode på korte og intense vennskap! Selvsagt kan vi savne både familie og venner i Norge, men heldigvis kan vi ringes på Messenger, og det har også vært utrolig kjekt å få besøk fra Norge. Og så gleder vi oss til sommerferie hjemme i Vikøy!

Alt godt til dere hjemme! Vi er naturligvis takknemlig for alle som husker på oss og kirken i Pattaya i bønn.



Det er mange som skal mettast med vafler og graut i Sjømannskyrkja



Kjærkomen vøle i Øystese

Ser du kor fint det vert?

Eks-målar og fagmann Bjørn Huse myser langs golvet inne i koret, og nikkar nøygd. Golvet stiger fram i gammal drakt, og den ljose gråfargen lyfter heile kyrkja.

Det har i mange år vore eit sorgens kapittel: det kvite vegg-til-vegg-teppet som vart lagt inne i koret sist kyrkja vart måla innvendt, har forårsaka mange skjellsord og tårer. Det seier seg sjølv: kvitfargen kunne umogeleg vera kvit over tid, og teppet framstod etterkvart som skite og flekkete kring alteret. Ein lang prosess er no til endes: riksantikvar og biskop har omsider godkjent at det gamle golvet under teppet kunne hentast fram att, og då løyvet førelåg, gjorde kyrkjetenar kort prosess med det gamle teppet. Inn rykka Bjørn Huse og

eks-soknelrådsleiar og kyrkjesongar Harald Kjosås, - og ikkje mange dagane etter framstod golvet i gamal, men nymåla prakt. No ventar me berre på ny golvløpar og nytt skinn på altarringen, før me kan seia: Mission accomplished! Og dersom møbel-snikkar Asbjørn Eide kjem og kappar til eit par benker så det vert plass til rullestolar der også – ja, då kan me seia at vinteren i Øystese kyrkje har vore god!

Og lat det ikkje vera nokon tvil: det er gjevarglede på høgt plan som har gjort dette mogeleg. Øystese har innbyggjarar som verkeleg bryr seg om kyrkja si, og som i sum har gjeve ikkje mindre enn kr 350.000,- til dette bygget og kyrkjegarden omkring dei siste åra. Det er fantastisk rause gåver – og eit nytt vitnemål om sterke band mellom bygda og kyrkja.



Karar som ikkje let seg be to gonger når det er bruk for handkraft! Bjørn Huse øvst og Harald Kjosås nedst

No startar vøla i Strandebarm

Ein strandbermer er på telefonen og spør: denne vøla av kyrkjetaket i Strandebarm – er den lagt på is?

Å neidå, svarar kyrkjevevja, ein må berre læra seg at for riksantikvar og biskop går tida litt langsamare enn hos oss andre.

I desse dagar går entreprenør Hardanger og Voss museum, med sine handverkarar knytt til Fartøyvernseteret i Norheimsund, i gang.

Dei fekk tilslaget på arbeidet, og H2Hardanger er prosjekterande og ansvarlege for at alt går rett for seg. Vøla er eit spleiselag, opprinneleg var det 1,5 mill i tilskot frå riksantikvaren, medan Kvam herad skulle ta resten - men så fekk prosjektet gledeleg støtte frå det nyskipa Kyrkjebevaringsfondet, dei vil støtta prosjektet med inntil 4,5 mill! Kyrkjebevaringsfondet si mor, avgått minister Kjersti Toppe, fortener all æra for at ho har etablert fondet.

I 30 år framover kjem det til å sildra 500 mill utover dei mange kyrkjene i landet som ropar på restaurering. No er me altså i startgropa, og stillasa går opp, med ferdigstilling august 2025. Fylgjande skal gjerast:

- Ta ned alle hellene på hovudskip, kor og sakristi, og leggja dei opp att på same viset, men med nye spikrar. Skifta dårlege heller, men dei fleste av dei er truleg godt brukande om att.
- Skifta eksisterande tårnhjelm av kopar. Det grøne spiret kjem til å bli skinande blankt.
- Skifta/reparera vindaugo i tårnet.
- Byta bordkledning på tårnet.
- Skifta alle beslag og vannbord.
- Byta alle takrenner.
- Byta isolasjon på loftet.
- Måla tårnet

Og sjølvsgt er det mange andre ting som ein burde funne pengar til. Nye omnar, restaurering av orgel, ny brannvernentral. Oppgåvene står i kø, og arbeidsledige vert me aldri. Men i dag gler me oss over at katedralen i Strandebarm er sikra for mange år framover.



Strandebarm baptistmenighet

Berre huset står att

Strandebarm Baptistmenighet var i si tid ein aktiv kyrkjelyd. Dei var ikkje mange, men hadde vyer for arbeidet, og kjende seg så sterke at ei eiga kyrkje vart bygd. Det som likevel er å merka seg, er at kyrkja vart bygt eit lite tiår før kyrkjelyden vart skipa. Knut O. Tordal og Lars Risa var føregangsmennene for dette. Risa gav tomt til kyrkja, som vart sett opp rundt 1890.

Kyrkja står på Risa den dag i dag. Det er lenge sidan det har vore aktivitet i bygget, som no ligg under Ålgård baptistmenighet. Den lokale kontakten som er oppført, finn me i Nordrepollen. I bygdesoga A. Næss og O. Kolltveit gav ut i 1947, dreg dei linene for skipinga av baptistkyrkjelydar attende til reformasjonen. Dei presenterer tankar rundt kvifor det oppstod såkalla dissenterkyrkjelydar i Strandebarm og på Varaldsøy. Dei fortel at gruve drifta, og då særleg på Varaldsøy, var ein viktig faktor for at baptist-kyrkja i Strandebarm vart bygd. Det er viktig å merka seg at Strandebarm og Varaldsøy var knytte saman som eit sokn. I siste halvdel av 1800 vart det leita etter mineralar i heile Noreg. På Varaldsøy fann dei drivverdige forekomstar av svovelkis. Det vart bygt opp



Baptist-kyrkja på Risa

eit samfunn på Valaheiane, og då gruve drifta kom i gang, var det ingeniør Alexander Barratt frå England, som fekk ansvaret. Kona hans, Mary, fekk ansvar for det sosiale livet og helsa til arbeidarane, men det var heldigvis ikkje mange som vart alvorleg skadd i gruvene.

Det er ikkje mange gruvesamfunn som kan skilta med at eige bedehus, men på Valaheiane kom det like etter at dei hadde fått sett opp arbeidarbrakker og styrarbustad. Me kan gå ut frå at nokre av dei 300 sluskane som var med og byggja veg frå Øyerhamn til gruvene, også fekk arbeid i dei. Då vegen vart bygt, var det

Ove-Kjell Sakseide

Pensjonert lærar



mykje drikking i helgane, men dette fekk Barrattane slutt på. I bygdesoga står det å lesa: «Då gruve drifta kom inn i normalt gjenge, vart det slutt på villmannslivet. Det kunne ein fyrst og fremst takka sty-raren og frua for. Dei skapte eit kristeleg miljø på Valaheiene som omskapte mang ein villmann».

Mange av arbeidsfolka i gruvene kom frå lokalmiljøet. Dei kom i kontakt med både Baratt-trua og trua til sjøfolka som henta kisen. Nokre huslydar braut ut frå den norske kyrkja og skipa Baptistsamfunnet i Strandebarm. Dei som var med, kom frå eit stort område. Det er difor ikkje å undrast på at kontaktpersonen, som er ført opp for kyrkja, bur i Nordrepollen. Folk frå Jondal, Varaldsøy, Kvinnherad og Strandebarm møttest nok i gruvene. Det må nemnast at baptistane og metodistane har mykje felles. Det som særpregar baptistane, er at dei kun praktiserer vaksendåp. Det er først når ein person har ei eiga tru han kan søkja dåp.

Kyrkja har stått tom i mange år no. Lenge hadde dei stemne der i pinse-helga, men då kyrkja ikkje vart medstelt, flytta dei stemnet til skulen i Strandebarm, før dei til slutt vart for få og la ned. Me må likevel rekna kyrkja som ei av dei 6 kyrkjene i Kvam.

Julie er vår nye kateket-vikar

Ein ny verdsborgar er undervegs hos vår gode kateket Mampion og hennar mann, kyrkjetenar Frankie - og Mampion tek ein velfortent pust i bakken eit års tid. (Pust i bakken når ein skal føda?) Uansett: Inn frå venstre steppar ei ung firebarnsmor med hjarte for ungdomar.

Julie Haaberg er hennar namn, og førebels er ho engasjert for å leia årets konfirmantar trygt fram til målstreken i mai. Ho fekk ingen soft start: konfirmantleiren på

Framnes stod for døra då Juile kom til oss no i februar – og i skrivande stund er den vel overstått. Døgndrift på Framnes med mange hundre 14-åringar er ikkje for pyser, og Julie kan no pusta ut etter strevet.

Julie er opphavleg bergensar, men i ferd med å verta kvemming så god som nokon. Ho er busett i Øystese, og har i tillegg til vikar-arbeidet som kateket, også eit engasjement og eit tilsetjingsforhold i Indremisjonen i Øystese.

Me ynskjer ho varmt velkomen, og lukke til! Og til Mampion: me faldar hender, også for deg.



KRIK-leir er topp!

Ute høyljar regnet ned, og vinterferien vert vaska bort for dei fleste av oss. Men tek det humøret frå dei konfirmantane som har KRIK konfACTION på Framnes i desse dagar? På ingen måte.

70 spente 14-åringar frå Kvam har innteke Framnes, og blitt integrerte i lag med dei 300 andre konfirmantane som utgjer KRIK konfACTION 2025. Og dei er så visst ikkje overletne til seg sjølve – heile 150 leiarar frå KRIK, samt mange, mange leiarar frå kyrkjelydane passar på at det heile går slik det skal.

KRIK? Ja, dei heiter så, namnet kjem frå organisasjonen Kristen Idrettskontakt. Og KRIK har gjort dette i mange, mange år, og takksame kyrkjelydar fyller opp påmeldingslistene kvart år. Kvam har vore ein gjengangar, og slik også i år. I kateket Mampion sitt barsel-fråvere, er det nyttilsett kateket-vikar Julie Haaberg som køyrer stramme taumar på kvammagjengen. Dette har Julie god erfaring med frå leir og ungdomsarbeid i andre organisasjonar, og handterer det meste med stø hand.

Det er slett ikkje berre møte og konsertar det heile er bygt på. KRIK stiller med ein haug av aktivitetar til å fylla dagane med. Ingen skal gå gjerandslause, og både kropp og sjel vert ivareteken på beste vis. Ski, fotball, volleyball, klatring, dans, Kompani Framnes, matlaging, mulitgames – her er noko for alle.



Blide konfirmantar trass i dårleg vær. Nærast kamera f.h.: Lisa G. Hisdal, Meline L. Bønes og Sigrid H. Fanebust. Foto: Frede Gravdal



Volleyball er ein av mange kjekke aktivitetar på KRIK. Foto: Frede Gravdal

Treng du nokon å snakke med?



Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 • soschat.no

Tips oss gjerne om saker du kunne tenkja deg å lesa om i kyrkjebladet på post.kvam@kyrkja.no

FASTEAKSJONEN 2025

I mange tiår har konfirmantar i Noreg vore bidragsytarar for å gje reint vatn til menneske som treng det. 2025 er ikkje noko unntak.

8. april er datoen: då bankar det på døra di. Utanfor står ein konfirmant, og spør deg om du har lyst å vera med på årets konfirmant-dugnad., «Håp i ein drope vatn» Konfirmantane minner oss om det ubehagelege faktum at nesten 800 millionar menneske i denne verd lever utan tilgang til reint vatn. Årsakene er mange: krig, flaum, tørke, jordskjelv. Men vona lever! Og Kirkens Nødhjelp arbeider utrøytteleg for å avhjelpa denne nauda, og for å redde liv.

Ta godt imot konfirmantane når dei kjem – og lat oss gje eit solid handslag til årets Fasteaksjon!



Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 06.-08. april

**DET ER HÅP I
EIN DROPE VATN**

VIPPS til 2426



Ukrainsk familielukke i Strandebarm

Ein kjellar med Strandebarms beste utsikt over fjord og fjell, leiger det ukrainske paret Iryna Tishchenko og Dmytro Protasenko ei leilegheit. På bordet i stova står det gåver frå dåpsdagen sist søndag. Då vart nemleg dottera Eva døypt i Strandebarm kyrkje, med huseigarane som fadrar, Trude Bru og Bjørn Tore Mundheim.

Eva har rukke å bli over eitt år, og er så stor at ho helst ville leika med vatnet i døypefonten, men fann seg heldigvis fint i å få vatn på hovudet av sokneprest Vetle Karlsson Eide. Under presentasjonen for alle i kyrkja, heldt far Dima ho opp medan Vetle på vanleg vis ynskte ho velkomen i kyrkjelyden og den verdsvide, kristne kyrkja, noko foreldra fortel at dei sette stor pris på. Foreldra bar ukrainske folkedraktar for dagen og er svært takknemlege for at Trude og Bjørn Tore spanderte dåpselskap med lunsj i stova si, der det er større plass enn nede hos dei. Dagen var bada i sol og Hardangerfjorden viste seg frå si beste side.

Nokre dagar seinare treff me paret igjen. Eva ligg og søv middag og me tek ein prat med Ira og Dima, som dei kallar til dagleg, om korleis dei havna her og livet generelt.

Då Russland invaderte Ukraina 24. Februar 2022, jobba Dima som ingeniør på det enorme stål- og jernverket Azovstal i Mariupol, som vart hardt angripe tidleg i okkupasjonen, og i dag er totalt øydelagt. Han vil ikkje snakka så mykje om det, norsken hans er heller ikkje god nok til å gå i detaljar enno, men Ira, som er god i norsk, overset at innbygarane i Mariupul ikkje berre var i konstant krigsso-ne, men nokre vart fanga av russarane og enten sett i fengsel eller sett til å krige mot Ukraina, så i september -22 fekk han hjelp av frivillige til å røma via Russland, Kvite-Russland og Polen for å koma til Norge, der han hadde vener.

Ira derimot, budde i Ivano-Frankivsk, vest i Ukraina. Der hadde dei ikkje direkte angrep, men både straum og vatn forsvann oftare og oftare. Ho har master i sosialarbeid og psykologi, og jobba i det offentlege. Denne jobben var så dårleg løna at ho også tok kurs i massasje og hadde eige studio. Men eit halvt år inn i krigen var det umogleg å tena nok til å leva av for ho åleine, og med konstant frykt for invasjon frå Russland, såg ho ingen annan råd enn å ta toget til Polen og søkja om å få asyl i Norge, der ho hadde eit par vener.

På ein måte er det UDI som er ansvarlege for at vesle Eva finns, for det var dei som plasserte Dima og Ira i Øystese, der dei begge starta på det same norsk-kurset i februar 2023. På det tidspunktet var dei 12 ukrainarar på kurset og dei vart som ein familie. Men venskapet mellom Ira og Dima utvikla seg snart til noko meir, og etter to månader flytta dei saman, og til Strandebarm. Eva vart fødd i desember, og er no hovudfokuset i livet til paret.

Dei er svært opptekne av at Eva skal få ein så norsk oppvekst som mogeleg, og dei var difor heilt einige om å døypa ho i den norske kyrkja. Ira fortel at ho sjølv vart døypt hemmeleg i 1987, då var det framleis kommunistisk styre i Ukraina og kyrkjer forbode. Etter Glasnost vart dei russisk-ortodokse kyrkjene opna, men var sterkt infiltrert av KGB og dei spreidde anti-ukrainsk propaganda til Ira og dei andre borna frå dei var små.

Det var fyrst ved oransje-revolusjonen i 2004 at ho fekk vita kor styrt den lokale kyrkja hennar var frå Russland. I dag er det framleis den ortodokse kyrkja som er størst, men med parlamentets nye lov om forbod mot

kyrkjer som har samband til ein «aggressor-stat», er dei i uokkuperte deler av Ukraina no styrt av ukrainsk-venlege prestar. Men du finn også andre trus-samfunn, som den ukrainsk gresk-katolske etter tida på 1500-talet då Vest-Ukraina var del av katolske Polen, og du finn både kristne, jødiske og muslimske trussamfunn.

Paret kan ikkje gifta seg slik situasjonen er i dag, for det finns ikkje styresmakter i den okkuperte delen av Mariupol som kan gje Dima noko dokument på at han ikkje er gift frå før.

På spørsmål om kva dei saknar mest frå Ukraina, så er det naturleg nok familie og vener, men Ira fortel og at ho hadde eit rikt kulturelt liv i Ukraina. No gjer språkproblem at dei framleis ikkje kan forstå teater, lyrikk eller humor og vitsar. Ho fortel at ho på ein måte har mista identiteten sin, også fordi ho ikkje kan bruka psykolog-utdanninga. Og med all tida som går med som småbornsforeldre til ei jente som nettopp har starta i barnehage og får, som venta, all sjukdom som «går», slit dei med tid til norsk-læring.

Når me spør korleis framtida ser ut, er det vanskeleg for paret å planleggja noko som helst, for i dag er regelen at ein flykting må ha fast jobb, for at dei skal få arbeids- og opphaldsløyve. Ira har vikarjobb i barnehage, medan Dima, som for tida les for å ta norsk-eksamen B2, heller ikkje har fått noko fast. Han har vore utplassert eit par plassar, bl.a. Herde kompositt i Ølve, der han likte seg godt, men som ikkje kunne tilsetja han fast. Så om nokon har behov for ein ingeniør som framleis held på å læra seg norsk, så er det berre å ta kontakt, han er svært arbeidsvillig.

Dei er begge svært skeptiske til å flytta tilbake til



Ukraina, det har blitt eit enormt hat mellom dei to landa med alle som er drept, bortført og torturert sidan krigen starta. Spesielt er dei opptekne av dei tusenvis av borna som har blitt tekne frå Ukraina og plassert i Russland, som Russland seier er foreldreause born frå krigsområda, men som Ukraina meiner er born som har familie i live, og som uansett må tilbakeleverast til Ukraina. Sjølv om det kjem ein fredsavtale i stand no, stolar ikkje paret på at Russland ikkje kjem til å freista å okkupera på nytt etter nokre år med opprusting, og no har dei Eva å ta vare på også.

For tida planlegg dei kun for nokre veker fram i tid, men dei håpar at dei kan få fast arbeid og verta integrerte i Norge. Dei rosar kor ope det økonomiske skattesystemet i Norge er, for før krigen i heimlandet, så var det alltid slik at mykje av skatten dei betalte gjekk til korrupsjon og oligarkar. Det har, etter deira kunnskap, endra seg radikalt no, og dei meiner Ukraina jobbar hardt med å få bukt med korrupsjon, slik at dei vonaleg kan bli medlem av EU.

Ira vil gjerne at me skriv at ho håpar nordmenn forstår at mange ukrainarar som har flykta er traumatiserte og at dei brukar mykje av energien i starten berre på å fungera frå dag til dag, med alle inntrykka frå det krigsramma heimlandet og i tillegg strevet med å fungera i eit nytt land.

Dei håpar at Eva kan få veksa opp i fredelige Norge, at dei begge kan få seg jobb og betala tilbake til samfunnet for all venlegheita og ressursane dei har fått etter at dei kom hit. Livet her, som nybakte foreldre, har gjort dei godt og dei kjenner at her kan dei starta på eit nytt liv, om dei får bli verande.

Foto og tekst: Inger K. Tordal

Liv og lagnad - møt Olav Vikse

For dei som har fått ein del år på nakken, er Olav Vikse eit kjent namn i Ålvik. Midt på 60-talet kom far hans, Karl M. Wikse, med familien sin til Ålvik som prest i Kvam. Han hadde då vore feltprest ved Sola flystasjon i fleire år.

- Korleis opplevdes det som tenåring å flytta til Ålvik?

- Møtet med folket i Ålvik - og ikkje minst: å få flytta inn i eit heilt nytt hus med panoramautsikt over Hardangerfjorden, vart ein god start på eit nytt kapittel for meg, 13 år og den eldste i søskenflokk. Det opplevdes godt å koma til fabrikkbyen Ålvik.

- Opplevde du erting - ikkje minst sidan du var son til presten?

- Nei, om det var tendensar i den lei, svara eg raskt tilbake - og dermed stilna det raskt. Eg vart inkludert og rekna med blant kameratane. Då eg deltok på 50-årsjubileum for konfirmantane, gjorde det utruleg godt å møta igjen dei eg vart kjende med på 60-talet. Vi hadde så mykje felles.

- Måtte du vera med på gudstenestene som far din hadde?

- Eg var med far på ein god del gudstenester; ja. Kanskje vi kan kalla det «frivillig tvang»! Eg hugsar og godt samlin-

gar på lillesalen i Ålvik bedehus. Dei som kom, sat andektige med folda hender. På bønemøtet fekk vi ofte stadfesta vi var syndarar. Men dei som kom der, opplevde eg som tvers gjennom som ærlege menneske, som vedstod seg sitt levde liv.

- I mange år var du ferieavløysar på fabrikk?

- Som tenåring er det jo alltid kjekt å tena pengar! Det fine med Bjølvefossen var at den gav arbeid til så mange i lokalsamfunnet, og for oss ungdomar var det ekstra kjekt å få seg sommarjobb der. Det vart - utan ord - sagt til oss: det er bruk for dykk! Min fyrste jobb var å gjera reint på den gamle brannstasjonen. Eg fekk også andre oppdrag, men fekk klar melding frå arbeidarar med lang «fartstid»: du må ikkje arbeide for snart! Med åra steig eg i gradene, og fekk vera med på nattskift. Elles vart det sagt at Ålvik var eit klassesamfunn, men det fekk ikkje slå gjennom blant oss ungdomar - vi var saman uansett kva foreldra våre arbeidde med. For meg blei difor tida og oppveksten i Ålvik ei lys og god tid, som også kom til å påverka meg politisk.

- Så møtte du ho som vart kona di?

- På gymnaset i Øystese vart eg kjend med Kristin Fjellheim frå Norheimsund, det førde til ekteskap og Kristin har gjennom alle år - i medgang og i motgang - vore ein bauta i livet mitt.

- Du tok same utdanning som din far?

- Etter presteutdanning i Oslo, vart eg tilsett som prest i Trondheim nokre år, før eg såg ein stilling ledig som informasjonssjef ved Norsk Fiskeriforskningsråd. Då eg vart innkalla til intervju, fekk

eg spørsmål kvifor eg med mi utdanning søkte denne stillinga? Då svara eg litt uhøgtidleg: «Jo, eg har erfaring med å selge ei tungt omsettelig vare!» Etter 3 lærerike år der, var eg tilbake som prest, denne gong i Fyllingsdalen. Men eg merka fort at appetitten på arbeid utanom kyrkje, framleis var sterk. Ei stilling i NRK; «Middagsstunden», såg freistande ut, og den fekk eg. Eg stortrivdes med å intervjuje kvardagsmenneske rundt om i landet. Eit program eg fekk ansvar for var «Morgenstunden», det gjekk på lufta tidleg laurdagsmorgon. Felles for programma var bl.a. å få menneske til å koma med sjølvopplevde gyldne augneblink gjennom frå livet. Kristin traff ein dag ei godt vaksen dame som begeistrande smilte og kom med fylgjande replikk knytt til «Morgonstunden»: «Du har en mann som jeg om lørdagsmorgen i radoen koser meg med i sengen!»

- Du fekk uventa og brått ein lengre sjukdomsperiode?

Ein tidleg fredags morgon på vakt i NRK på Minde - fekk eg hjerneslag - eg var heilt aleine på kontoret. Dersom Kristin ikkje nett då tilfeldigvis hadde ringt meg, kunne dette blitt svært alvorleg. Men takk vere henne og mange andre, kom eg raskt til sjukehus. I åra som så følgde, har eg hatt mange vikartenester som prest - både i Bergensregionen og i Rogaland. Å forkyne Guds ord er nå ein gong det eg fekk kall til - og har gjort - om enn litt utradisjonelt gjennom åra.

Siste arbeidsplassen min var som personalsjef i skipsverftet Mjellem & Karlsen i Bergen. Veldig spanande arbeid blant verftsarbeidarar på «gølv». - Og no har Kristin og du ankra opp på Haukeland?

Ja, her har vi fått oss stort hus og hage - sentralt og landlig på same tid. Borna våre med sine familiar bur ikkje langt unna oss - det er flott å ha fin kontakt med dei. Dessutan har vi hytta vår i Vikebygd i Nord Rogaland, som vi ofte reiser til. Vi har også bubil, og har vore fleire gonger til utlandet på ferieturar.

Vi takkar for samtalen, og ønskjer Kristin og Olav Vikse alt godt og Guds velsigning.

Foto og tekst: Arne O. Øystese



Sundagsskule i Strandebarm

Palmesundag 2024 starta soknerådet sundagsskulen i Strandebarm opp igjen etter fleire års opphald. Tidspunktet er fast, kl 17.00-18.30, medan sundagen har variert, de finn datoane på nettsida til kyrkja i Kvam, under 0-18 år, www.kyrkja.no/kvam.

Me oppheld oss både innan- og utandørs, ikkje godt å vita kva som er best, men frammøtet har auka litt etter litt. Barna er i både barnehage- og skulealder. Dei får høyra ein bibeltekst som blir synleggjort på ulike måtar, og me syng songar ilag. Etterpå kan det vera teikning, leikar, togbane-bygging osv, før me avsluttar med eit felles kveldsmåltid. Barn og foreldre set pris på å setja seg ned med eit måltid og småprata.



Foto: Helena de Groen



Foto: Odd Johan Tordal

I januar har det i mange år blitt arrangert julefest for barn i Strandebarm, så også i år. Ca 25 barn og vaksne fekk feira ein fin og stemningsfull fest med juleevangeliet på papirrull, opplyst av mange mobiltelefon-lykter. Dette har blitt ein tradisjon hos oss, som til og med foreldre til barna kjenner igjen, utanom lyskjelda, som er av nyare dato. Det vart julepregang og song av deltakarar.

Me er svært glade for at konfirmantar er med og hjelper til. Dei er gull verdt for barn og leiarar!

Me ynskjer gjennom sundagsskulen å formidla Guds glede over oss menneske og fortelja om alt det gode han har å gje oss. Barn og vaksne i alle aldrar er velkomne!

For Strandebarm sokneråd, Margun Mikkelsen Tordal

50-års konfirmantar i Øystese kyrkje 28. april 2024



Foto: Studio Katrine

Sitjande framme, frå v.: Kristi Botnen, Kari Bjørke, Hildegunn Lunestad, Olaug Soldal, Birtgit Nødtveit, Åse Gjøsæter Rykkje, Helga Haugen, Merethe Gauden, Hanne Mari Solheim Aarsand

Ståande, frå v.: Liv Rykken Kristensen, Anita Kaland Thuen, Anne Marie Rykkje Laupsa, Oddmund Soldal, Reidun Berge Mo, Bente Sandven, Martha Stensvand, Sigbjørn Dalatun, Gjermund Stuve, Trygve Matthiessen, Arvid Børve, Ragnvald Fykse, Arvid Lothe, Arne Valland, Steinar Børve, Jan Soldal, Odd Øystese, Viktor Berge, Torill Botnen, Asbjørn Flatabø, Inger Fosso, Johnny Peder Fykse, Marianne Skaar.

Vandringsglede

Erna Tveitnes har gjort det mange drøyer om, - og nokre gjer: drege på pilegrimstur. Hennar reise gjekk til Nidarosdomen, og vart også ei reise i sitt indre. Her deler ho tankar og inntrykk frå turen.

Eg har vore på pilegrimsvandring tidlegare i livet, og i fjor vart det tid for å ta fatt på ny. Eg har hatt ein draum om å gå til Nidaros, og i mi leiting på nettet dukka ordet opp: «Vandringsglede». Dette var turen for meg og eg melde meg på. 100 km vandring må til for å få Olavsbrevet – men kva er vel det for ein vestlending?

Turen starta ved Rennebu kyrkje i Trøndelag. Her fekk me stempel i pilegrimspasset – brått var eg attende i sundagsskulen, med stjerner i boka. Ni spente vandrarakar frå inn og utland møttest for fyrste gong. Menneske som møttest, og som ein knyter venskapsband med.



Turen var godt tilrettelagd, med transport av bagasjen fram til overnatting kvar dag. For ein luksus å koma fram til middag og god seng kvar kveld! Ein kveld fekk me endåtil fotmassasje, ikkje det ein forbinder med pilegrimstur men ein herleg luksus var det.

Ein ting sakna eg på turen: ein prest. Men me klarte oss godt likevel, og turleiar starta med eit ord for dagen, og me song den gamle keltiske bønna:

*Må din vei komme deg i møte,
vinden alltid være bak din rygg,
solens lys leke på ditt kinn,
regnet falle vennlig mot ditt kinn.
Og må Guds gode hånd verne om deg til vi møtes igjen.*

Det vil føra for langt å fortelja i detalj om alt det me såg og opplevde. Men det er og blir ei oppleving, både indre og ytre, å gå gjennom eit skiftande kulturlandskap, i skiftande ver, på all slags underlag, og treffa og samtala med andre pilegrimmar, også frå andre grupper eller einslege, frå inn og

utland. Me svinga innom mange kyrkjer, og fekk med oss musikk og kulturopplevingar. Eg kjenner meg rik som har fått oppleve alt dette. Til slutt stod me ved døra til Nidarosdomen, trøytte, men lukkelege. Me kom dit den 28. juli, og fekk vera med på vandregudsteneste. Orda som møtte oss, var desse:

«Nåde og fred frå Gud vår Far og Herrene Jesus Kristus!

Frå aust og vest har pilgrimer brote opp på veg mot Nidaros, Olavs by,

Og frå aust og vest kan me no vandra til Nidarosdomen, Korskirken.

Me går i forspora til menneske som har vandra før oss, i fotspora til Olav og dei som brakte den gode bodskap til vårt land, og me går saman med menneske over heile verda som søker Guds nærvere, tilgjeving og kjærleik.»

Etter ein opplevingsrik tur sit eg att med så gode minne. Det har alltid vore mange ulike grunnar for at me har gått på pilegrimstur. For å be om betre helse, kanskje – og me har gått for andre som sjølv ikkje kunne gå. Og for meg vart det ei personleg reise på endå eit anna plan:

Eg hadde ei mormor som var trønder. Hennar syster, heile familien si tante Anna, fekk i sin ungdom ein sølvkross. Eg har eit fint bilete av henne med krossen. Då mine foreldre gifta seg, hadde mamma krossen på seg. Eg var i Trondheim fyrste gongen 11 mnd. gamal – då vart det teke eit bilete av meg med krossen på meg. Krossen arva mamma då tante Anna døydde, og deretter eg. Den var med meg under heile pilgrimsvandringa. Eg kjende at eg bar med meg heile mi historie og alle eg var glad i under turen på denne måten. Krossen gav endå ein dimensjon til ein tur eg aldri kjem til å gløyma.



Erna som liten med sølvkrossen rundt halsen.

GUDSTENESTER I SOKNA

30. mars

Øystese kyrkje kl. 11.00

30. mars

Strandebarm kyrkje kl. 17.00

6. april

Ålvik kyrkje kl. 11.00

6. april

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

13. april

Øystese kyrkje kl. 11.00

Utdeling av 6-årsbok

17. april

Strandebarm kyrkje kl. 19.00

18. april

Vikøy kyrkje kl. 19.00

Langfredagsgudsteneste

19. april

Øystese kyrkje kl. 23.00

Påskeaftansgudsteneste

20. april

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste

20. april

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste

21. april

Øystese kyrkje/Friluftsgudsteneste
kl. 11.00

21. april

Ålvik kyrkje kl. 11.00

27. april

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Bornas påske

1. mai

Ålvik kyrkje kl. 11.00

3. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste

4. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste

4. mai

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste

10. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste

10. mai

Norheimsund kyrkje kl. 13.00

Konfirmasjonsgudsteneste

11. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste

11. mai

Ålvik kyrkje kl. 11.00

konfirmasjonsgudsteneste

17. mai

Strandebarm kyrkje kl. 10.30

17. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00

18. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

25. mai

Strandebarm kyrkje kl. 11.00

25. mai

Øystese kyrkje kl. 17.00

Utdeling av 6-årsbok

29. mai

Vikøy kyrkje/Friluftsgudsteneste

kl. 11.00

1. juni

Åse friluftsgudstenestestad i Strandebarm kl. 11.00

1. juni

Norheimsund kyrkje kl. 11.00

8. juni

Øystese kyrkje kl. 11.00

Frelsesarmeens hornorkester deltek

9. juni

Pilgrimsvandring til Holseter i Strandebarm kl. 11.00

9. juni

Norheimsund kyrkje kl. 17.00

Utdeling av 6-årsbok

15. juni

Ålvik kyrkje

Kl. 11.00

15. juni

Vikøy kyrkje kl. 12.00

Folketonemesse med trebåtoring til gudstenesta.

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF eller nettsida <https://www.kyrkja.no/kvam/>

Munter soge

I ei avsidesliggjande bygd på Vestlandet låg ein mann heime – svært sjuk. Borna rekna med at han kom til å døy snart – men det drog ut. Så vart han brått dårlegare. Eit av borna tok då initiativ til å samla søskenflokken heime – for å drøfta det praktiske med m.a.

minnesamling etter gravferda. «Eg tykkjer me skal ha middag den dagen», seier ein av gutane. «Folk har reist langt og treng god næring. Kva med å laga til sosekjøt?» Det var dei andre borna samde i. Då kom det med klår røyst frå sjukesenga: «Nei, ta ikkje sosakjøt. Da likar eg ikkje!»

Arne O. Øystese



FRÅ KYRKJEBØKENE



Gravferd

Ålvik sokn

Bjørg Stue (f. 1936)
Ragnhild Vedå (f. 1945)
Mari Anne Jordal (f. 1954)

Øystese sokn

Bjarne Aalvik (f. 1934)
Rolf Martin Kjosås (f. 1964)
Lars O. Soldal (f. 1941)
Bjørg Espeskog (f. 1948)
Jan Hellingsrud (f. 1962)

Vikøy sokn

Olav Aalvik (f. 1953)
Kari Toft Lid (f. 1930)
Arne Kaldestad (f. 1935)
Sigrid Neteland (f. 1933)

Marit Tverlid Rosseland (f. 1949)
Ragna Byrkjeland (f. 1927)
Halldis Kaldestad (f. 1925)

Strandebarm sokn

Magnhild Uglehus (f. 1931)
Marit Bergtun (f. 1944)
Gisle Mundheim (f. 1930)
Johannes Bjørke (f. 1953)
Peder Viken (f. 1930)
Gunnvald Helge Nygård (f. 1940)
Turid Mundheim (f. 1948)
Edvin Rise (f. 1932)
Unn Håland (f. 1941)



Dåp

Strandebarm sokn
Theodor Ueland Kolås
Eva Protasenko

Øystese sokn

Ellinor Skeie Aga
Signe Steinstø
Eivind Børve Kvittingen
Øyvind Fonneland Mæland
Thomas Krutå Solberg
Maria Celeste Ølfarnes
Maria Selena Ølfarnes

Vikøy sokn

Sverre Sandven Vikør
Olivia Rykkje Gauden
Henrik Aarhus
Håkon Soldal
Jonas Aarekol
Nils Vangdal Bjørke



JOHAN SKEIE AS

GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

Monter

Kvam

info@monterkvam.no TLF 56904089



EXTRA

Gjør det billig!

EXTRA ØYSTESE

Sjusetevegen 5
56 55 03 60

Åpningstider: 07-23 (08-21)



Din lokale faghandel

COOP BYGGMIX ØYSTESE

Sjusetevegen 5
56 30 85 72

Åpningstider: 08-18 (09-16)

Din lokale bilforhandlar

Tlf 56550455



Toyota Norheimsund AS

GRAVSTEINAR

• OPPRETNING • VASKING • OPPUSSING
• SAL AV GRAVMINNE • NAMNETILFØRING



AGENTUR FOR EIKNER NATURSTEIN
ÅLVIK, ØYSTESE, VIKØY
OG TØRVIKBYGD



www.eikner.no

TILBOD OG SYNFARING:

Arvid Strømme tlf. 995 97 848

• kunststell@gmail.com •



Gravminner

- spør våre lokale samarbeidspartnere

Strandebarm og Mundheim:

L.M. Leiv Magnar Fosse

Fosse tlf. 406 11 817 • leivmagnarfosse@gmail.com

Ålvik, Øystese, Vikøy og Tørvikbygd:

Arvid Strømme og Hildegunn Strømme

tlf. 995 97 848 • kunststell@gmail.com



EIKNER
NATURSTEIN
www.eikner.no


Eikner Naturstein AS
Ulsmågveien 27
5224 NESTTUN
Tlf. 55 98 70 00
firmapost@eikner.no

VIDARE MED DET VIKTIGASTE!

Vår aksjon for å skaffa midlar til trusopplæring ber frukter. Sidan oppstarten hausten 2024 har det sildra inn små og store bidrag, og i skrivande stund har me passert kr 55 000,-

For å repetera: me mottok eit bidrag frå biskopen kvart år til trusopplæring. Dette har me fått sidan 2013, då denne ordninga vart innfasa i kyrkja. Tilskotet er basert på kor mange medlemmer me har. Trusopplæringsplanen vår er allsidig, og har som mål at alle døypte i kvart årskull skal ha ulike tilbod i kyrkja ein gong kvart år. Det er Babysong, Småbarnstreff, Krølletreff, 4-årsbok, 6-årsbok, LEGO-klubb, Kyrkjekino, Tårnagent, Lys vaken, - og ikkje minst konfirmant. Dette er gode møteplassar!

Men midlane me får er for knappe. Noko får me til ved hjelp av frivillige, men me har trong for meir arbeidskraft på trusopplæringsavdelinga. Me har difor utvida stillingane til dei tilsette, og finansierings-løysinga vart som så ofte elles: å be trufaste kyrkjegjengarar om ei handsrekkjing. Takk for kvar krone de har gjeve! Denne gjevartenesta finn du på heimesida vår, der du med enkle tastetrykk enten kan gje eit fast trekk kvar månad, - eller ei einskildgåve. Giroen i dette bladet går til denne saka. Gåva kjem godt med, uansett form og storleik. Så med dagens synleggjering i form av litt grafikk, tillet me oss å seia: BLI MED VIDARE MED DET VIKTIGASTE!



Fossedagane i mai

Også dette året vert det Fossedagar. Festivalen går føre seg 28. - 30. mai. Det vert konsertar, båttur med «Epos», opplesing og foredrag. Det vil lukta kaffi og kaker i Fossehuset heile helga. Alle er velkomne! Meir informasjon finn du på fossedagane.com

Fosse-stiftinga og Kvam Mållag arrangerer festivalen, med støtte frå Folkeakademiet Kvam. Kyrkja i Kvam er med å skipa til ein av programpostane, «Det lysande mørkret», prest Roar Strømme sitt foredrag om religiøs tematikk i Septologien.



I kyrkjelydshuset i Strandebarm kan det dekkast til opptil 90 stk.

Treng du eit lokale?

Dåp, minnestund, møter, årsmølsdagar og kurs – kyrkja i Kvam har lokale med plass til mange til leige, både i Norheimsund og Strandebarm.

Det går ein jamn straum av menneske inn og ut dørene i kyrkjelydsalane i Norheimsund og Strandebarm. Det er knapt ei veke utan at salane er utleigde til ei eller anna samling. Minnestunder etter gravferder er det kanskje flest av, men også kurs og møter av ulikt slag finn sin plass i våre ljose og trivelege lokale.

Ta kontakt med kyrkjekontoret på: post.kvam@kyrkja.no eller telefon 41 40 00 35.



I Norheimsund har me hatt opptil 125 stk. på kurs